

Reguleringsbestemmelsar til reguleringsplan for del av gnr 12, bnr 1 og 7, gnr 12, bnr 3 og 4

§ 1

Det regulerede området er vist med reguleringsgrense på kart i målestokk 1:2000 og avgrensast mot utmark på dei same eigedomane

§ 2

Byggeområder

Innanfor planområdet kan det oppførast 79 hytter. Hyttene kan oppførast innanfor ein sirkel med radius 12 m frå utsett, nummerert merke.

§ 3

Hyttene skal oppførast i 1. etasje med enkel og funksjonell form, med nøktern fasadeutforming og materialval.

Maksimal grunnflate kan vera opp til 65 m², men hyttene skal tilpassast tomte i kvart enkelt tilfelle.

Tak skal utførast som saltak. Bygningsrådet(*kommunen*) vil fastsetja takvinkelen i kvart enkelt tilfelle.

Lyse, heile grunnmursflater er ikkje tillate.

Planering og utgraving for hyttebygget skal avgrensast til det absolutt nødvendige for bygningsmessig tilfredsstillande løysingar.

Hyttene kan ikkje gjerdast inn.

§ 4

Bod (uthus) skal byggjast i samanheng med hytta og tilpassast denne med omsyn til materialval, form og farge. Maksimalt bodareal er 12 m².

§ 5

Friluftsområde

I friluftsområde er det ikkje tillate å setja i verk bygningsmessige tiltak som nemnt i plan-og bygningslova §§ 82,83,84 (med unntak av nødvendige kraftliner) 85 og 93

§ 6

Fellesbestemmelsar

Det skal ikkje fjernast meir vegetasjon enn det som er nødvendig for plassering av hyttene. Jfr. Plan-og bygningslova § 26.

§ 6a

Hygieniske tilhøve

Vassforsyning.

Det kan leggjast inn vatn i hyttene etter kriteriene i §§ 6a og 6b.

Vassforsyning kan skje frå påvist vasskjelde eller borebrønn. Hytteeigaren er forplikta til å vera med i eventuell felles vassforsyning dersom han ikkje kan dokumentera at at han har

tilgang til nok og "hygiensk tilfredsstillende" drikkevatt. Før det vert montert anlegg for vassforsyning av noko slag, skal det føreliggja godkjenning frå kommunen.

§ 6b

Avløpsanlegg

I hytter med innlagt vatn skal "gråvatn" førast til avløpsanlegg som kommunen kan godkjenna etter "forskrift om utslipp fra mindre avløpsanlegg" (T – 1331).

I kvar enkelt hytte kan det installerast biologisk toalett av godkjent type.

I hytter med innlagt vatn kan det monterast vassklosett som skal koplast til felles fullrenseanlegg som kommunen kan godkjenna etter "forskrift om utslipp fra mindre avløpsanlegg" (T – 1331).

Enkeltanlegg til anna enn gråvatn, herunder tett oppsamlingstank, skal ikkje godkjennast. Før det vert montert avløpsanlegg av noko slag, skal det føreliggja godkjenning frå kommunen.

§ 6c

Alle hytteeigarane er forplikta til å vera med i den offentlege renovasjonsordninga.

§ 7

Parkeringsplassane skal leggjast som vist på planen og skal dimensjonerast for 1 ½ bil pr hytte.

§ 8

Avkøyringa til (forsvaret sin veg) skal vera oversikteleg og mest muleg trafikkssikker.

Innanfor frisisikssonene skal det vera fri sikt ned til ei høgd på 0,5 m over planum i dei tilstøytande vegane.

§ 9

Bygningsrådet (kommunen) kan, når særlege grunnar talar for det, tillata mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsbestemmelsane innanfor ramma av bestemmelsane i plan-og bygningslova og bygningsvedtektene i Bjerkreim kommune.

§ 10

Desse reguleringsbestemmelsane gjeld i tillegg til reglane i bygningslova og bygningsvedtektene for Bjerkreim kommune.

Vikeså den 4 ,mars 1985 /25 mai 2004

Endringa (kursiv skrift) er godkjent av det faste utvalet for plansaker den 7 juni 2004, sak 68/04